



DeLillos vert rekna som ein av dei 4 store norske rockegruppane frå perioden frå 1980-åra og fram til i dag og det er på høg tid at dei kjem til Festidalen! Dei 3 andre vågar vi å hevda er Raga Rockers, DumDum Boys og Jokke & Valentinerne. Men kor kjem det rare namnet frå?

Det var eit forslag frå Ola Snorheim, som frontfiguren Lars Lillo-Stenberg hadde spela inn ein demotape med i 1983. Året etter vart bandet ein verkelegheit, og gjrnom alle år er det Lars som har vore karakterartisten i gruppa. Røysta hans saknar sin like her i landet og det gjer også den naivistiske formen som pregar mange av låtane. Kven er det som ikkje kjenner Tøff i pyjamas og Min beibi dro avsted?

Men det er nok Neste Sommer frå 1993 som er den vitigaste dei har gjeve ut av albumane sine så langt og vi siktar da også til signaturlodien. Dei fekk da også Spellemannsprisen for den og samme pris fekk dei 2 år seinare for Seint og Tidlig. Faktisk har dei vore nominert 4 gonger til prisen i tillegg til tildelingane og kan trygt karakteriserast som folkekjære.

På biletet over spelar dei på Øyafestivalen. Skal vi våga å tipa dei som ein publikumsfavoritt også her hos oss?

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen